

Dato: 07.10.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Presidentens møte/Fritt møte

President Eva starta møtet og orienterte om klubbsaker sidan sist møte.

Distriktskonferansen på Hedemarken vart orientert om.

Påtroppende AG

vart Robert Valnes. Han

orienterte litt om tanker

vedkomande neste års

distriktskonferanse og program.

Ekteparet Moser skal være

aktuelle foredragsholdere.

Guvernørbesøk i Spjelkavik

21.10-25.

Polio og opplysning av Fjellstua i

år også.

Krabbefest i Brattvåg 24.10-25 i

tillegg til fest på Giske 31.10-25

Det vart sett av litt tid til



planlegging av krabbefesten i Brattvåg.

Hilde E og Cathrine L fortalde litt om tankane sine om å bedre trivsel i Brattvåg med mellom anna lyslenker i sentrum og belysning i mørketida.

Neste år vert Brattvåg

Rotaryklubb 60 år og skal

markerast.

Det vart delt nokre tanker kring

jubileumsgåve til Haram

kommune.

ThG

Dato: 14.10.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

På besøk hos

Vaksenopplæringa

Cathrine L ønska alle vel møtt i presidentens fravær.

Nils Edmund Stråmyr tenesteleiar for voksenopplæringa orienterte om tilbudet.

Tenesta ligg under livsløp med integrering og flyktning-mottaket.

Tenesta har flytta inn i nyoppussa lokaler i det gamle

kommunebygget rett over gata

til Extra i Brattvåg.

Til saman 10 stykker har sitt virke her. 7 lærere og 3 programledere.

Vi finn 4 klasserom med tilhøyrande grupperom i dette

området. I tillegg disponerer

dei kontorer i andre etasje over Brattvåg Bowling.

Normalt er det 60-65 brukere i dette tilbudet. Mange vert

rekruttert frå asylmottaket

i Hamsund. Aldersgruppa for desse er 16-18 år.

Brukere har rett og plikt til norskopplæring og

samfunns-kunnskap. Norsk språkopp-læring står i

fokus.

Når brukere blir økonomisk

uavhengig, vert fokus på jobb og

norskopplæring i for-bindelse

med jobb. Brukere får lønn under

opplæringa.

Tilbudet brukere får er i tett



samarbeid med NAV kontoret i Haram.

Tanker om språk-kafé er i planleggingsfasen. Det er viktig å

stimulere brukere til å

snakke norsk mest mulig og bli integrert på ein god måte.

Målsettinga er å skape sjølvstendige individ i lokal-

samfunnet vårt i samarbeid med

NAV- kontoret.

Takker Nils Edmund for ei opplysende orientering. ThG

Dato: 21.10.2025

Stad: Spjelkavik Panorama

Møteleiar: Spjelkavik Rotaryklubb

Hovedinnslag:

Guvernørbesøk

Referat mangler

Dato: 24.10.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Past President

Hovedinnslag:

Krabbefest

Den årlege krabbefesten gjekk av stabelen denne fredagen. Omlag 40 påmelde til dette arrangementet.

I president Eva sitt fråvær vart festen leda av past president Cathrine.



Kameratskapskomiteen hadde laga til eit framifrå arbeid med mat og drikke.

Krabbefesten gjekk etter tradisjonelt program med mat og drikke i tillegg til lotteri av premier. Overskuddet av lotteriet går til gode Rotaryformål.



Stor stemning viser at dette er eit populært arrangement.

Takker arrangørane for eit hyggeleg Rotarymøte. ThG

Dato: 04.11.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Klubbmøte

3 min. frå Anne Marit der ho viste fram gamle avisbilete av BIL Fotball.

Komitéarbeid – planlegging av siste halvår av Rotaryåret 2025/26 LS

Dato: 11.11.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Vinsmaking v/Øyvind

Øyvind hadde samla saman eit knippe rødviner frå ulike land og hadde laget eit fyldig kompendium med all relevant informasjon.



Som seg hør og bør ble møtet litt utvida og stemninga var god. LS

Dato: 18.11.2025

Stad: Nye Eidet skule

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Omvisning på nye Eidet skule

I biblioteket fortalte rektor Ole Andre Lukkedal først om skulen og prosessen med planlegging og bygging. Det er 410 elever frå trinn 1 til 10 og skulen er bygd som ein hestesko og eit atrium i midten. Skulen har kosta ca. 300 mill. å byggje og den inneheld både bibliotek og eit auditorium med plass til 170 gjester.



Vi fekk deretter ei vandring gjennom heile skulen med grundig informasjon og det ble stilt mange spørsmål undervegs. Ein fantastisk skule bygd for framtida. LS

Dato: 25.11.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Lysbilete frå Sør-Amerika 1996 v/Audun Klev

- 3 min. frå Sigrd der ho la ut om si ferske historie med sjukehus og innkallingar til time. Ei frustrerande historie med mange endringar og meldingar undervegs til timen.

- Audun heldt eit langt foredrag om sin tur til Sør-Amerika saman med vener i 1996. Turen gjekk

først til Rio i Brasil med karneval. Videre til Buenos Aires i Argentina og Santiago i Chile. I Bolivia hadde dei eit lengre opphald og besøkte hovudstaden La Paz, som ligger på 4000 meter og er verdas høgst liggjande hovudstad. Her ligg også ørkenen Atacana, som er verdas tørraste.



Biletet viser motorstopp i ørkenen med bussen dei benytta seg av på turen i området. LS

Dato: 02.12.2025


Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Årsmøte

Årsmøtet ble godt leia av presidenten og der m.a. Past President Cathrine las årsmeldinga frå 2024/2025, kasserar Audun presenterte rekneskapen frå same år samt budsjettet for 2025/2026. Presidenten leia valet på nytt styre 2026/2027 der Ole Petter Aarsund kjem inn som ny president, medan Innkomande president førebels ikkje er på plass.



Årsmøtet gjekk føre seg i tråd med lover og forskrifter og i rolege og saklege former. ML

Dato: 02.12.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Julemøte

Kameratskapskomitéen sørga for at Hautunet dufta av gløgg og peparkaker då vi kom inn og i lag med julepynta bord med levande lys seig julestemninga sakte, men sikkert inn over forsamlinga.



(Arkivfoto)

Utover god bevertning og stemning vart det også servert julequiss (Audun) og gode historier samt allsong med Arne V sitt stødige gitarkomp.

God jul